

Uskedalsgutar i scoringsform i Norway Cup

30.07.2012

Rosendal Turnlag fekk som kjent ein god start på Norway-Cup-turneringa då dei spelte dei første kampane i går, søndag. 17 uskedelingar er med på laga, og i tillegg er det mange uskedelingar i foreldregruppa som har tatt turen over fjellet for å oppleve folkefesten som denne fantastiske fotballturneringa er.

Vår kontaktmann melder om god stemning og bra ver. Ingen av Rosendal sine kampar har vorte flytta på grunn av regn. Han melder elles at særleg G-15/16-laget imponerte i sin kamp. Dei spela ein knakande god kamp, imponerte i banespelet og vann med solide 4-0 over Stjørdals-Blink. Og uskedelingar markerte seg svært positivt i kampen. Hermund Døssland scora dei to første måla, medan det vart 3-0 då Hans Fredrik Zimmer sette eit frispark i mål nede ved stolperota i det lengste hjørnet. Det fjerde målet var sjølvmål. Det vert elles rapportert at Hermund var kampens beste spelar, og særleg i 1.omgang var han dominant i det offensive spelet.

Det vert og meldt at Marius Myklebust spela ein stor kamp då G-13/14-laget møtte Dyre Vaa. Han scora og eit av måla i kampen som enda med 3-0-siger.

Dei resterande kampane gav følgjande resultat og målscorarar:

J-15/16: Træff - Rosendal 1 1-2(Inga Teigland Øye og Tina Skår)

J-15/16: Svolvær - Rosendal 2 4-1(Ingeborg Sunndal Ljostveit)

G-13: Rosendal - Lyn 2 1-0(Mathias Guddal)

J-14: Hadeland - Rosendal 6-0.

I dag held laga fram med følgjande kampar:

Kl.11:30 - J 15/16 - Rosendal 2 - Brattvåg IL

Kl.13:45 - G 13/14 - Skavøypoll IL - Rosendal/Uskedal

Kl.14:30 - J 14 - Rosendal TL - Surnadal

Kl.14:30 - G 15/16 - Rosendal TL - Skedsmo 2 *

Kl.16:30 - G 13 - Stegaberg IL - Rosendal/Uskedal

Kl.17:30 - J 15/16 - Rosendal 1 - Hadeland KFK

Vi ønskjer lykke til og gjer oppmerksom på at interesserte kan følgje med på kamputviklinga på facebook.

<https://www.facebook.com/#!/pages/Rosendal-Turnlag/153027638086804>

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Privat/Rosendal Turnlag.



G-13/14-laget opna med ein flott siger.